

Høyringsssvar:

Sogndal kommune har lese høyringsnotatet med interesse og synes det er ein god rapport, og at rapporten peiker på mange av utfordringane som helsetenestene står ovanfor. Både dagens utfordringar med å rekruttere og behalde helsepersonell og utfordringa med auka behov for helsetenester i framtida er vel kjende i kommunen. Sjølv om vår kommune ikkje får det aller største utslaget av fleire eldre, er vi godt i gang med å planlegge og finne strategi for auka kapasitet i helsetenesta framover.

Kunnskapsgrunnlaget i høyringsnotatet dokumenterer at vi vil få store vanskar med å få nok helsepersonell dei komande åra, og vi kan ikkje løyse oppgåvene på same måte som vi har gjort tidlegare med fleire folk og meir pengar. Utfordringa på sikt er formidabel og krev nye og omfattande tiltak. Det er avgrensa kor mykje personell helsetenesta kan ta frå andre sektorar. Vi synes det er bra at kommisjonen meiner det fins gode tiltak for å handtere utfordringa, slik at ikkje biletet blir for pessimistisk. Eit for dystert framtidsbilete vil kunne forverre situasjonen ved å svekke rekrutteringa til tenestene.

I rapporten er det mange framlegg til løysingar og innsatsområde framover. Sogndal kommune vil særleg støtte følgjande:

- Det er viktig at tenestene vert bygde opp nedanfrå og startar med vekt på eigenomsorg, frivillig sektor og ulike gruppetiltak. For helsepersonell trur vi at satsing på utdanning og fagutvikling for helsefagarbeidarane er ein nøkkel til å behalde gode tenester i framtida. Elles vil det vera størst trong for generalistar i kommunane både av helsefagarbeidarar, sjukepleiarar og legar, og dei må få ei utdanning som er tilpassa dei oppgåvene dei skal ha.
- Vi har tru på framlegget med arbeidsdeling med «hus og hytte-stillingar» der helsepersonellet arbeider to stader. Det er ein måte å skape variasjon i arbeidsoppgåvene på og det vil gje auka kompetanse, og det vil kunne styrke beredskapen i kommunen. Fleire kan ivareta ulike oppgåver og fleire kjenner ulike fagmiljø. Det vil og kunne vere rekrutterande for mange med slik variasjon i arbeidsoppgåvene.
- For å sikra folk ei løn å leva av, føreseielege arbeidsforhold og kontinuitet og kvalitet i tenestene er det viktig å arbeida mot at det er heile faste stillingar.
- I motsetnad til komiteens fleirtal meiner Sogndal kommune at om me skal løysa utfordringane helsetenesta står ovanfor i framtida, er løysinga meir medbestemmelse og ikkje mindre. God involvering av dei tilsette er avgjerande for å sikre gode og forsvarlege turnusordningar.
- Kommunen støttar utredninga av ein felles arbeidsgivar i heile helsetenesta for både spesialisthelsetenesta og kommunane. Dette fordi det er for mykje tidsbruk av helsepersonell i vekslingsfeltet mellom nivåa, og ein del av pasientflyten lid av at ansvaret er delt. Problem kan skyvast mellom nivåa i staden for å bli løyste i eit samarbeide. Det bør i framtida ikkje lønne seg å flytte pasienten frå eit nivå til eit anna om det ikkje gjev betre behandling av

pasienten. Ei utredning av ein felles arbeidsgivar vil kunne avklare om det vil vera eit godt tiltak for å bruke helsepersonellet best mogeleg.

- Satsing på digitalisering og velferdsteknologi er viktig og må føre til at vi får betre helsetenester sjølv med færre helsepersonell per pasient. Ein større del av pasientane kan ta meir ansvar for eigen omsorg med slike hjelpemiddel.